



Arne Thilesen
Selfallet 134
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4105 - 23/46853

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
14.06.2023

Ferdigattest einebustad - gbnr 445/434 Manger

Administrativt vedtak: Saknr: 632/23
Tiltakshavar: Arne Thilesen
Ansvarleg søkjar: Hammar-Kameratane As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK

Det vert gjeve ferdigattest for einebustad på gbnr 445/434. Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. §20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10.02.2014.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.05.2023.

Skildring

Adresse:	Selfallet 134
Bygningstiltak:	Einbustad
Bygningsnummer:	300421704
Bruksareal:	208m ²
Avlaup:	Offentleg avlaupsanlegg
Vatn:	Offentleg vasstilknytning
Tal på røykløp:	1

GENERELL INFORMASJON

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/4105

Med vennleg helsing
Alver kommune

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne Thilesen	Selfallet 134	5936	MANGER
Hammar-Kameratane As	Hella 60	5936	MANGER